



Fjord og Elvelaboratoriet i Etne
v/Havforskningsinstituttet

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hermund Mjelstad, 5764 3124

Løyve til felling av ein skadegjerande oter ved Fjord og Elvelaboratoriet i Etnevassdraget

Vi viser til søknad 27. juni 2025 frå Fjord og Elvelaboratoriet om felling av ein oter i Etnevassdraget.

Bakgrunn for søknaden

Havforskningsinstituttet (HI) driv ein forskingsplattform i nedre del av Etnevassdraget, som inkluderer ei felle som mellom anna skal fjerne rømd oppdrettsfisk frå vassdraget. Det blir òg samla inn viktige data som er verdfull for både forskning og forvaltning av laksefisk i Noreg.

Den installerte fella, som vart oppretta i 2013, dekker heile elva slik at all fisk må gjennom eit fangstbur og blir tømd kvar morgon og kveld. Det er kameraovervaking i fangstburet. Det har vore observert oter i Etnevassdraget dei siste 5-6 åra, også i området rundt fella. Det første tilfellet der ein oter var inne fangstburet og tok ein fisk (aure) var 7. juni i år. I tida etter dette har oteren vore inne fleire gonger, teke fisk og skapt stor uro inne i buret/fella. Fisk som er kome inn i buret på kvelden er vekke/skremd ut i løpet av natta. I tillegg vil fisk kunne pådra seg skader frå oteren eller frå buret, eller svømme ut igjen frå buret. Slik blir oppgangen av fisk i vassdraget hindra, i tillegg til skadane på fisk.

HI har vore i kontakt med fleire instansar for å eventuelt å kunne flytte oteren til ein annan plass. I ifølgje Miljødirektoratet er erfaringane med slik flytting ikkje berre positive, og det blir ikkje tilrådd som metode.

HI har prøvd ut fleire førebyggjande tiltak utan å lukkast. Radiolyd er prøvd ut, men det verka berre ein kort periode. Det er òg prøvd å stenge oteren inne i fella for å skremme den, men oteren kom seg ut igjen. Dei vil prøve ut meir for å skremme oteren i/ved fella framover, for slik å kunne unngå å iverksette eit eventuelt fellingsløyve. HI har tilgjengeleg fagfolk som kan utføre ei felling på forsvarleg vis, mellom anna veterinær.



Bestandsstatus for laks og oter i Vestland

Bestandsutviklinga for laks og sjøaure har vore negativ dei seinare åra, og mange vassdrag er stengt for fiske, eller har redusert fiske. Slik er og situasjonen så langt som vi kjenner den i 2025. Dette er ein landsomfattande trend.

Mange av vassdraga våre er påverka av ulike typar inngrep som kan verke negativt inn på fiskebestandane. Det kan vere kraftutbygging, flaumsikring, utnytting til andre føremål som til dømes uttak av vatn til setjefiskanlegg, og fjerning av kantvegetasjon. Den påverknaden som er i fjordsystema med matfiskanlegg og mengde lakselus i fjordane er ein av de viktigaste negative faktorane for både laks og sjøaure. I tillegg kjem utfordringane knytt til rømming frå matfiskanlegga og den genetiske ureininga som dette er vist å føre til. Det er òg utfordringar for laksen i havet og oppvekstområda der, truleg knytt til temperaturtilhøve og næringstilgang. I tillegg kjem klimaendringane, som no er vurderte til å ha endå større påverknad på laksebestandane enn tidlegare, og som forsterkar andre truslar i både marine og ferskvassmiljø. I sum er det mange negative faktorar for villaksen. Når bestandane går ned i mange vassdrag over heile landet er det grunn til å tru at det er mange faktorar som verkar inn, og som er meir omfattande enn til dømes eit «oterproblem».

Etneelva er eit middels stort vassdrag, som har vore rekna som eit godt laksevassdrag på Vestlandet. Men innslag av oppdrettsfisk har tidvis vore stort og har ført til genetisk ureining i bestanden.

Vitenskapelig råd for lakseforvaltning har konkludert med at gytebestandsmålet og haustbart overskot er nådd for Etneelva. Truleg har det òg enkelte år vore eit større haustbart overskot enn det som har vorte utnytta. Det har vore mindre oppgang av fisk dei siste par åra, og lite fiske i 2024. Det har ikkje vore gjennomført gytefiskteljingar dei siste åra, men vurderingane er gjort på bakgrunn av data frå fiskefella til HI.

Oter er ikkje vurdert som ein truga art i Noreg, og er skildra som livskraftig på den siste norske raudlista frå 2021. I Vestland reknar vi bestanden som stabil. Det opphavlege naturlege økosystemet i fjordane og på kysten har endra seg positivt dei siste 30-40 åra. Bestandane av både havørn og oter har auka, samstundes som det har blitt færre mink. Totalt sett er dette ei ønska og gledeleg utvikling, sjølv om andre deler av økosystemet ikkje utviklar seg like positivt, som til dømes sjøfuglbestandane og laksefiskbestandane.

Mange vassdrag i Vestland har tidvis førekomst av oter på næringssøk, noko vi må rekne som eit naturleg næringssøk i vassdragets økosystem. Det er lite sannsynleg at det er bestanden av oter som er hovudårsaken til den negative utviklinga i fiskebestandane.

Vi kjenner òg til frå andre vassdrag med ulike vandringshindre, at fisketrapper og fossar, og felle/bur som i denne saka, der laksen må stogge, er stader som otrar vil oppsøke for næringssøk.

Vår vurdering

Eit uttak av ein oter i Etneelva vil ikkje automatisk ha effekt på skadeomfanget knytt til fella/buret i elva. Det er truleg fleire otrar med tilhald i Etnefjorden som raskt kan kome inn og overta denne «gode» fangstplassen. Det er kort veg frå fjorden og inn til fella. Det er derfor ikkje sikkert at eit uttak av ein oter vil sikre at skadeproblemet er løyst. Det kan ikkje påreknast løyve til å felle fleire otrar dersom skadeproblema held fram etter felling.

Statsforvaltaren har etter viltforskrifta (*Forskrift om skadefelling, dødt vilt og bruk av vilt i oppdrett, forskning og dyrepark*) myndigheit etter § 3-6 til å gje løyve til felling av mellom anna oter som gjer



skade, jf. naturmangfaldlova § 18 første ledd. I viltforskrifta er det sett opp nokre vilkår for skadefelling som skal vere oppfylte:

- a) Skade er eller kan bli av vesentleg økonomisk betydning,
- b) Skadeførebyggjande tiltak er prøvd i rimeleg utstrekking vurdert ut frå kva verdiar som skal beskyttast,
- c) Uttaket blir retta mot skadegjerande individ,
- d) Uttaket er eigna til å stanse eller vesentleg avgrense skadesituasjonen, og
- e) Uttaket ikkje trugar bestanden si overleving. Dersom mordyr blir avliva i yngletida skal avkommet om mogleg og avlivast.

Vurdering av dei einskilte vilkåra

- a) Skaden er av økonomisk betydning, og utgjør eit viktig vandringshinder for eit middels stort lakseførande vassdrag. Vilkåret er oppfylt.
- b) Ved vurdering av tildeling av skadefellingsløyve er det eit krav at ulike førebyggjande tiltak skal vere prøvd før det er aktuelt med fellingsløyve. I søknaden er det vist til at fleire førebyggjande tiltak er prøvd. Vi reknar vilkåret som oppfylt.
- c) Det er vidare eit vilkår at uttak skal rettast mot skadegjerande individ. Her reknar vi vilkåret som oppfylt sidan det er god kontroll på oteren i fella med kameraovervaking.
- d) Det er usikkert om uttak av ein oter vil stogge eller avgrense skadesituasjonen i sesongen, då nye otrar raskt vil kunne komme til. Vilkåret om at uttak er eigna til å stanse eller vesentleg avgrense skadesituasjonen er etter vårt syn berre delvis oppfylt.
- e) Eit uttak av oter vil ikkje truga bestanden si overleving, og vi vurderer dette vilkåret som oppfylt.

Vår samla vurdering av vilkåra etter viltforskrifta er at vilkåra for å tildele skadefellingsløyve er oppfylte.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8 til 12 leggjast til grunn som retningslinjer ved offentleg myndigheitsutøving.

Etter §§ 8 og 9 skal offentlege vedtak som kan råke naturmangfaldet så langt det er rimeleg vere tufta på vitenskapleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon og effekt av påverknad.

Det er relativt god oversikt over bestandsutviklinga av oter i Noreg som viser at bestanden av oter har auka svakt i Noreg på 2000-talet. For Vestland fylke sin del kan tilbagemeldingar frå lakseelvar og andre tyde på det same, men dette har vi ikkje god nok kunnskap om. Generelt meiner vi likevel at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg, og føre-var-prinsippet i § 9 har mindre relevans i saka.

§ 10 vurdering av den samla belastninga på økosystemet.

Vassdrag med anadrom fisk er pressa frå fleire hald og mange av bestandane er sårbare. Predasjon frå oter som har spesialisert seg på fisk som samlar seg i og ved fossestryk/høler og vandringshindre kan derfor vere negativt for bestanden av anadrom fisk i eit vassdrag, om det avgrensar fiskeoppgangen. For Etnevassdraget viser teljingane dei siste åra at gytebestandsmålet for laks er nådd, men det er òg ein nedgåande trend i sjøoverleving dei siste åra.

§§ 11 og 12 kostnader ved miljøforringing, og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder, reknar vi



ikkje som relevante i denne saka.

Konklusjon

Statsforvaltaren gjev med dette løyve til å felle 1 -ein- oter i tilknyting til fangsburet til Havforskningsinstituttet i Etneelva, jf. § 3-6. Vi reknar vilkåra i § 3-3 som oppfylte.

Vilkår

Løyvet blir tildelt på følgjande vilkår:

1. Det skal, om mogleg, ikkje fellast mordyr med ungar.
2. Ved fellingsforsøk skal det nyttast veterinær og skyttar som omsøkt.
3. Skyttar må ha betalt jegeravgift og kunne vise frem våpenkort for kontroll. Hagle og rifle kan nyttast ved felling av oter.
4. Ved felling skal skrotten takast vare på og sendast til NINA, etter avtale.
5. Løyvet gjeld frå 3. juli – 31. juli.
6. Statsforvaltaren skal ha melding dersom dyr er felt.
7. Lokalt politi må orienterast om bruk av skytevåpen.

Klage

Partane i saka og andre med klagerett etter forvaltningslova, kan klage over avgjerda innan tre veker etter at avgjerda er motteken. Eventuell klage bør grunngjevast og rettast til Miljødirektoratet.

Med helsing

Aslaug Aalen
miljødirektør

Eyvin Søltnæs
fung. seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Miljødirektoratet

Postboks 5672 Torgarden

7485

TRONDHEIM